



Eid kommune

Ordfører

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Bygge- og eigedomssjef Jan Tore Rosenlund

Vår ref:

16/20061-1/ FA-A20, HIST-15/2318 ELE

Dykkar ref.

Dato:

30.08.2016

Arealbehov - opplæringstilbod til nykomne flyktningar i Eid

Syner til tidlegare korrespondanse om å finne løysingar for å stette Eid kommune si trong for å legge til rette for opplæringstilbod til unge flyktningar, seinast brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Bygge- og eigedomssjefen dagsett 23.08.16.

Det er sterkt ønskeleg både frå fylkeskommunen og Eid kommune sin ståstad å kunne utvikle dette opplæringstilbodet knytt til Eid vidaregåande skule, slik at ungdommane det gjeld snarast råd kjem i kontakt med og vert kjend med norsk ungdom. Å finne ei slik løysing vil vere avgjerande for rask integrering, og dermed ha stor samfunnsmessig verdi.

Som Eid kommune opplyste i vårt brev til fylkeskommunen dagsett 01.03.2016, er vårt arealbehov omlag 200 m2.

Formannskapet i Eid drøfta i møte 24.08.2016 løysinga fylkeskommunen skisserer i brev til Eid kommune dagsett 23.08.2016.

Etter vårt syn har fylkeskommunen no har arbeidd fram ei løysing som i grove trekk samsvarer med behova Eid kommune har skissert - både når det gjeld areal og mulighet til integrering. Vi er innstilt på å inngå ei leigeavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune omlag innanfor den økonomiske ramma som her blir skissert (leige på 528.000 NOK pr år), med atterhald om endeleg politisk handsaming av den ferdig forhandla leigeavtala i kommunestyret i Eid. Dette er også i tråd med dei signala som vart gitt i dialogen mellom Eid kommune og fylkeskommunen i vår.

Det er viktig for Eid kommune at vi i ei slik avtale får tydeleg fastsett korleis vi skal få dekkja dei arealbehova vi har og betaler for (jmf at vi ikkje nødvendigvis skal bruke det arealet som no blir nybygd), og ha ei avtale som sikrar nært samarbeid og koordinering mellom fylkeskommunale og kommunale tilbod på skulen. Her bør vi bygge på røynslene frå skuleåret som no er i gang.

Vi syner vidare til møta og dialogen vi hadde med Sogn og Fjordane fylkeskommune i vår om lengda av ei avtale. Sogn og Fjordane fylkeskommune signaliserte i vår at 5 år ville vere ei naturleg varigheit på avtalen. Vi ga då muntleg tilbakemelding på at det kunne vere akseptabelt for oss.

I nytt møte med fylkeskommunen i september, varsla fylkeskommunen at ein ønskte ei lenger tidsramme for avtalen enn det fylkeskommunen skisserte i vår, og som Eid kommune til no har forhalde oss til.

Eid kommune ser positivt på eit langsiktig samarbeid med fylkeskommunen om utdanningstilbodet, t d gjennom ei avtale som i utgangspunktet går over 10 år. Vi ber likevel om forståing for at det er eitt

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org.nr

938521816

E-post

post@eid.kommune.no

Internett

www.eid.kommune.no



usikkert moment som ligg utanfor begge partar sin kontroll: Det nasjonale behovet for busetjing av unge flyktningar og asylsøkkjarar i åra framover.

Vi vil difor be om at avtalen blir utforma slik at den i utgangspunktet gjeld for ti år, men at det blir gitt ei opning/opsjon i avtalen for å reforhandle etter fem år dersom det er varige, store endringar i det nasjonale behovet for busetjing av unge flyktningar.

Vi vonar dette er ei tilbakemelding som gir grunnlag for å finne ei løysing som set ungdommane i sentrum, og sikrar dei eit opplæringstilbod i eit skulemiljø som sikrar rask og god integrering.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de ønskjer eit møte for å drøfte saka ut over det som her kjem fram. Det er viktig for oss med ei rask avklaring, og at vi får forhandla fram eit avtaleutkast som kan takast vidare til politisk handsaming raskast råd både i kommune og fylke.

Helsing

Alfred Bjørlo
Ordførar i Eid

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi:
Opplæringsavdelinga v/ Fylkesdirektør Bekka Skasheim